

5 SPAR-sjefar klåre til å ta over!

18.01.2014



Gler seg til Dublinturen!

Neste helg vert ei spesiell helg for dei 12 faste medarbeidarane i SPAR Uskedalen. Då skal dei alle reise til Dublin. Det er premien for at dei vart årets SPAR-butikk her i landet ifjor og det er mildt sagt at dei gler seg til opplevinga.

Turen er frå fredag 24. til søndag 26.

og leiar Bente Nilsen seier til uskedalen.no at det er lagt opp eit program som går ut på at staben skal pleie seg sjølv. Det faglege kjem i bakgrunnen, men det er mange SPAR-butikkar å oppsøkja i Irlands hovudstad hvis nokon ynskjer det.

Men det som skjer på heimebane medan staben er borte er også spesielt og opplegget som heilheit vert karakterisert slik av ein innsendar på Facebook: - Hvilken herlig ide!

Som erstattarar for dei som reiser rykker 5 røynde SPAR-sjefar inn på Sanden og her er dei:

- * Nils Trygve Markhus frå SPAR Valen
- * Odd Sverre Larsen frå SPAR Fitjar
- * Gunnar Sagenes frå SPAR Ådland
- * Rune Sælen, ferskvareansvarleg i Hordaland og Rogaland
- * Johan Ringdal, driftsleiar for 15 butikkar i omådet

- Vi har sett opp ein plan for erstattarane, men det er neppe naudsynt med så mykje instruksjon for ein så avansert gjeng, seier Bente.
- God tur heile gjengen. Vel fortent, skriv ein annan på Facebook.

Av Ola Matti Mathisen



Nils Trygve Markhus frå Valen er ein av erstattarane